

Hordaland fylkeskommune sitt investeringstilskot til idrettsanlegg med regional og nasjonal verdi

Formål:

Hordaland fylkeskommune sitt investeringstilskot skal medverke til at regionen får store idrettsanlegg som har regional og nasjonal verdi, der ein kan arrangere nasjonale og internasjonale meisterskap.

Kven kan søkje:

Kommunar og andre anleggseigarar

Søknadsfrist:

15. mars

Kva kan støttast:

Kostnadskrevjande idrettsanlegg der ein kan arrangere nasjonale og internasjonale meisterskap. Særskild miljøprofil eller ny arkitektur vert vektlagd.

Hordaland fylkeskommune føreset tidleg dialog om utvikling av prosjektet. Anlegget det vert søkt om støtte til, skal vere forankra i en kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Om anlegget er forankra i ein regional plan, styrkjar dette søknaden. Investeringstilskot vert berre løyvd til faste bygg/anlegg

Støttenivå:

Storleiken på tilskotet vert vurdert i høve godkjent finansieringsplan. Tilskot frå det fylkeskommunale investeringstilskotet vert vurdert i lag med anna fylkeskommunal støtte. Hordaland idrettskrets vert nytta som høyringsorgan i høve til tildelinga.

Det er sett av kr 4 000 000,- årleg i Hordaland fylkeskommune sin økonomiplan 2012 - 2015.

Krav til søknaden:

Før tilsgagn om fylkeskommunalt tilskot vert gjeve, er det ein føresetnad at det ligg føre ein godkjend spelemiddelsøknad. Søknad om investeringstilskot skal sendast via kommunen og innehalde skildring av anlegget med finansieringsplan og kostnadsoverslag. Anlegget skal vere forankra i kommunal delplan og ev. regional plan. Søknaden skal også innehald ein vurdering av anlegget sin nasjonale verdi, med uttale frå respektivt særforbund. Om det vert søkt om investeringstilskot til eit anlegg med regional verdi som finst frå før i Hordaland, er det opp til søker å skildre kva som skil anlegget i høve til det/dei som eksisterer.